



Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune. Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og ope hav til høge fjellområde. Vi har verdas beste korps og eit rikt kulturliv. Regionsenteret Knarvik ligg om lag 30 minutt med bil frå Bergen sentrum, og har god kollektivdekning med både buss og båt.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene våre, treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag.

Avdelingsleiar for ungdom, fritid og medverknad - 100% fast - Intern utlysing Alver kommune

Stillingsinformasjon

I samband med bygginga av den nye kulturtenesta for Alver kommune skal rolla som avdelingsleiar for Ungdom, fritid og medverknad verte etablert.

Avdelingsleiaren vil rapportere til kultursjef og inngå som ein av fire avdelingsleiarar på tenesteområdet, saman med Strilabiblioteket, Alver kulturskule og Kulturutvikling, idrett og frivilligkeit.

Avdelingsleiar vil leie bygginga av den nye avdelinga, gjennom målretta og metodisk utviklings- og prosjektstyringsarbeid. Avdelingsleiar vil stå for leiing av avdelinga i Alver kommune i ein strategisk-operativ kontekst. Avdelingsleiar er involverande og nytenkande, fleksibel og kreativ, med eit tydeleg fokus på samarbeid og fagleg kompetanse. Avdelingsleiar har eit stort engasjement og hjarte for ungdom og ungdomsarbeid, kjenner organisasjons-, samfunns- og kulturlivet i Alver godt, er oppdatert på strømmingar i samfunnet og er tydeleg på samhandlingsperspektiv mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Avdelingsleiar kjenner kommuneorganisasjonar godt, og evner å skape gode samarbeid på tvers av sektorar, tenester og fagområde.

Arbeidsplass

Avdelinga vil ha ansvar for å drifte aktivitetstilbod for ungdom, demokratibygging og medverknadsprosessar, i tillegg til dei fem ungdomsklubbane. Avdelinga skal vere ei sterkt fagleg eining for det frie ungdomsfeltet, der medarbeiderane vil jobbe breitt både internt i kommuneorganisasjonen og eksternt mot organisasjonslivet. Avdelinga skal evne og styrke satsinga på medverknad og demokratiprocessar på den eine sida, og aktivitet og miljøbygging på den andre, med fokus på deltaking, involvering og kvalifisering for å medverke til gode og vitale ungdomsmiljø i Alver. Avdelinga skal fokusere på høg kompetanse og kapasitet innan ungdomsarbeid. Avdelinga vil vere fagavdeling for ungdomsfaglege spørsmål i høve kommunale prosessar, men også vere utviklande i høve det breie samfunnslivet.

Arbeidsoppgåver

- Heilskapleg fagleg og administrativ leiing, med personal-, økonomi- og fagansvar for avdelinga, i ein strategisk-operativ kontekst.
- Langsiktig og målretta planlegging, bidra til å etablere, utvikle og sørge for god drift av avdelinga.
- Bygging av fagfellesskap og leiing av eit kompetent og engasjert kollegie, derav ungdomskoordinatorar, klubbleiarar og -arbeidrarar.
- Initiere og utarbeide planar innan ungdoms- og fritidsfeltet, og implementere dei i organisasjonen.
- Utarbeide kvalitets-, og kontrollsistem som er styrande for aktiviteten i avdelinga
- Sørge for at avdelinga bidreg til å gjøre kulturtenesta til ein samfunnsutviklar for Alver kommune, i høve medverknad, aktivitet, deltaking, oppleveling, inkludering og sterke lokalsamfunn.
- Sørge for heilskapleg utvikling av aktivitetar for ungdom i Alver.
- Bidra til å utvikle fritidsklubbane, og samordne desse til å videreføre og styrke seg som tydelege lokale aktørar i sine nærmiljø og lokalsamfunn.
- Fremje arenaar for medverknad, involvering og demokratibygging, og leggje til rette for god drift og utvikling av ungdomsråd.
- Fremje og utvikle avdelinga som ein koordinerande og utviklande fagressurs for ungdoms- og fritidsfeltet i kommunen.
- Arbeide med utvikling av sosial kompetanse- og kvalifiseringsbyggjande program som MOT
- Sikre samarbeid og god samhandling med kultur-, idretts- og organisasjonslivet i Alver kommune, og etablere/drifte avdelinga som ei fagleg, koordinerande og utviklande kraft overfor dette i ungdomsspørsmål.
- Bidra til etablering av samarbeidsflatar og møteplassar internt i kommuneorganisasjonen, med fokus på tverrfagleg og tverrsektoriel samarbeid og tenesteyting internt. Det vil vere særleg fokus på samhandling og samarbeid med sektor oppvekst, sektor helse og omsorg, og innad i sektor samfunnsutvikling.
- Implementering av vedtatte rammer og føresetnadar
- Sikre forvalting og lovpålagde oppgåver
- Oppgåver og prosjekt tildelt frå kultursjef

Kvalifikasjonskrav og forventningar

Krav og ønskjer til stillinga:

- Høgare relevant utdanning innan kulturfag, barne-/ungdomsfag, sosialfag og/eller helseretta fag. Anna utdanning med relevant erfaring kan vurderast.
- Formell/erfaringskompetanse innan ungdomsretta arbeid er ein fordel.
- Formell kompetanse innan leiing og økonomi er ønskjeleg. Det er ønskjeleg med erfaring innan strategisk arbeid, p

rosjektstyring, personalleiing og økonomistyring. Vidare er det ønskjeleg at du kjenner det kommunale styringssystemet, og har erfaring innan offentleg forvalting og sakshandsaming.

- Du er oppdatert innan IKT-feltet og sosiale media, og kan orientere deg raskt i ny programvare og webportalløysingar. Du har kunnskap og erfaring med normal programvare, og det er ønskjeleg med erfaring innan Adobeporteføljen.
- Du har høg samarbeids- og gjennomføringsevne, er god på kommunikasjon og har god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring innan ungdoms-, kultur- og idrettsfeltet
- Personleg eignaheit for stillinga vil verte særleg vekta.
- Førarkort kl. B

Forventningar til deg som søker:

- Du er unikt opptatt av ungdom og å kunne bidra som ei miljøskapande kraft.
- Du kjenner ungdomskulturen og har erfaring frå ungdomsretta arbeid.
- Du er omgjengeleg, kreativ, involverande, raus, romsleg og løysingsorientert.
- Du er tydeleg på systematisk arbeid, målstyring og etablering av gode arbeidsstrukturar og samarbeidsflater.
- Du set medverknad og involvering høgt, og trivst med å jobbe tett med andre. Du kjenner samtidskulturen og strømmingar i samfunnet.
- Du har klare ambisjonar for ungdomsfeltet, og er ein samlande og samvitsful person som kanaliserer oppgåver, initiativ og kunnskap til og frå avdelinga.
- Du ser endringsbehov og sørger for at alle prosessar gjennomførast på ein effektiv måte med god involvering og medverknad frå medarbeidarane.
- Du vil imøtekome kunnskapen og erfaringa frå dei tre kommunane sitt tverrsektoriell

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 19.05.2019

Utljyst dato 02.05.2019

Vårref

146/19

Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Tenesteleiar kultur, Alver kommune, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no